

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Kontrollutvalet meiner at det har gått sær lang tid frå vedtaket i fylkestinget 10.03.2015 utan at alle forbetringane er ferdig gjennomført. Utvalet ønskjer difor at frist for ny skriftleg statusrapport vert sett til 01.08.2017.

Dersom kontrollutvalet ikkje har motteke tilfredstillande svar frå Fastlandssambandet Halsnøy AS innan 01.08.2017 vil utvalet kalle inn styreleiar for å orientere om manglande svar.

Med endring i møtedato i punkt 3 vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet selskapet har gjennomført i samband med selskapskontroll av **Fastlandssambandet Halsnøy AS**
2. Kontrollutvalet merkar seg også at det har gått sær lang tid sidan revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 10.3.2015, utan at alle forbetringane er ferdig gjennomført.
3. På bakgrunn av at det framleis er ein del arbeid som er planlagt ferdig i løpet av første halvår 2017 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 1a, 1b, 1c, 1d, 2 og 4 innan 01.08.2017.